



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Ettervern i overgangen frå omsorg i
barnevernet til eit sjølvstendig
vaksenliv

After-care during the transition from
being in the Child Welfare System as a
minor to living an independent life as a
young adult

Namn på bachelorprogrammet: Sosialt Arbeid

Emnekode: BSV5-300

Avdeling/Institutt/program/: Avdeling for samfunnsfag

Innleveringsdato: 26. mai 2017

Tal ord: 8800

Kandidatnummer: 116

Ragna Finden Skaim

Rettleiar: Magne Eikås

INNHALDSLISTE

| | |
|--|-----------|
| SUMMARY | 4 |
| 1.0 INNLEIING | 5 |
| 1.1 TANKAR RUNDT TEMA | 5 |
| 1.2 AVGRENsing OG OMGREPSAVKLARING | 6 |
| 1.2 OPPBYGGING AV OPPGÅVA | 6 |
| 2.0 METODEVAL | 7 |
| 2.1 FORFORSTÅING | 7 |
| 2.2 INFORMANTANE | 8 |
| 2.2.1 RELIABILITET, VALIDITET OG ETIKK | 8 |
| 2.2.2 INTERVJUGUIDE | 9 |
| 2.2.2.1 SAMTYKKE, ANONYMITET OG TEIEPLIKT | 9 |
| 2.2.2.2 TRANSKRIBERING OG TOLKING..... | 10 |
| 2.3 PRESENTASJON AV KJELDER OG KJELDEVURDERING | 10 |
| 2.3.1 PERSPEKTIV | 11 |
| 3.0 ETTERVERN I TRE FASAR – MOGLEGHEITER OG KRISER | 12 |
| 3.1 FØREBUING | 12 |
| 3.2 FLYTTING | 13 |
| 3.3 OPPFØLGING | 13 |
| 4.0 Å FYLLE 18 ÅR I FØLGJE LOVA | 14 |
| 4.1 RUNDSKRIVET | 15 |
| 4.2 FORMÅLET | 15 |
| 5.0 RELASJONSBROT – RELASJONENS BETYDING I OVERGANGEN | 16 |
| 5.1 KONTAKTPERSON | 17 |
| 6.0 ANALYSE AV FUNN OG DRØFTING | 18 |
| 6.1 FRISTAR OG LOVVERK | 18 |
| 6.1.1 ANSVARSFORDELING | 19 |

| | | |
|------------|--|-----------|
| 6.1.2 | SAMARBEID | 19 |
| 6.1.3 | LOVA | 20 |
| 6.2 | UTFORDRING: Å BYRJE FOR SEINT | 20 |
| 6.2.1 | LOVTOLKING FRÅ STATEN SI SIDE | 21 |
| 6.3 | LØYSING: PLANLAGDE OVERGANGAR ER GODE OVERGANGAR | 22 |
| 6.4 | RELASJON OG KONTAKTPERSON | 23 |
| 7.0 | AVSLUTNING | 24 |
| 8.0 | KJELDELISTE | 26 |
| 9.0 | VEDLEGG | 28 |

Summary

The transition from childhood to adult life can be a challenge. In the last few years after-care has gained an increased focus, together with an increase in youths saying yes to this. Child Welfare Services is responsible for providing after-care to youths between the ages of 18 and 23 who have been under system care. This is supposed to be a support and a safety net for those who may not get this from their biological parents.

Norway has an age-divided support system, and after-care has been found to exist with large variations. A lot of research have been done, finding both good and bad, on after-care. Still, the majority conclude with the fact that it does not work as good as it should. Different help and support systems have to make a joint effort to give youths the best possible transition for each individual. It is no pat answer of what after-care could include, something also the law reflects, as the bachelor thesis will show.

It will also show that working with relations is important in after-care. For many youths, the thought of losing the good relationship from the Child Welfare Service at the age of 18, can be scary. This might result in not letting people too close, and not opening up. For others who have done this, the time just before moving out can be extra challenging and difficult. This is the reason why I and others draw attention to a trust or contact person as a possible solution to how we can help in the transition period: preparation, moving and the follow-up. This way, the transition could be well prepared and better.

How can a social worker contribute to improve the transition from child welfare to an independent adult life?

1.0 Innleiing

Ettervern for unge under barnevernets omsorg er eit tema som dei seinare åra har fått auka fokus både i Norge og internasjonalt (Bakketeig & Backe-Hansen, 2008). I brosjyren som Barne- ungdoms- og likestillingssdirektoratet har laga, står det at Barnevernet skal gi hjelp og støtte til barn og unge som har det vanskeleg heime, eller som av andre grunnar treng hjelp. Barnevernet skal passe på at ingen barn og unge lever under forhold som er skadeleg for verken helse eller utvikling. Det skal vere trygge og gode omgjevnader (Barne- ungdoms- og familidepartementet, ukjent årstal). Av barnevernslova kjem det fram at Barnevernet også har eit ansvar for ettervernstiltak for ungdom mellom 18 og 23 år, jf. Barnevernsloven § 1-3, andre ledd. Ettervern som hjelpetiltak er meint å vere ei støtte og eit sikkerhetsnett for barnevernsbarn som gjerne ikkje har foreldre eller andre å falle tilbake på i større og mindre utfordringar. Det skal bidra til å gi ungdom tilrettelagt overgang til eit stabilt og meiningsfullt vaksenliv (Bakketeig & Backe-Hansen, 2008).

Overgangen frå barndom til vaksenliv kan vere ei stor nok utfordring i seg sjølv. For unge som har vore under systemomsorg, kan overgangen by på vesentleg større utfordring. Dette har vist seg på fleire arena, til dømes i forhold i antal brotsverk, sosialhjelp-mottakarar, ulike typar stønader, inntekt, utdanning, sivilstand med meir (Clausen & Kristoffersen, 2008). For at barn og unge skal få vekse opp i sitt eige tempo, må barnevernssystemet vere fleksibelt (Bakketeig & Backe-Hansen, 2008). Som 18-åring har mange endå ikkje fått dei føresetnadane dei treng for å kunne leve eit sjølvstendig vaksenliv. Overgangen frå før og etter fylte 18 år kan difor vere svært utfordrande og sårbar i det aldersdelte hjelpeapparatet vi har i dag. Det har i dei seinare åra vore ei kraftig auke i unge som takkar ja til ettervern og oppfølging. Dette er ofte heilt avgjerande for å etter kvart fungere sjølvstendig i den vaksne verda. Forsking viser at ettervern ikkje verkar like godt som tenkt (Clausen & Kristoffersen, 2008). Problemstillinga for denne oppgåva er difor: **Korleis kan ein sosialarbeidar, som del av eit større hjelpeapparat, bidra til å betre overgangen frå omsorg i barnevernet til eit sjølvstendig vaksenliv?**

1.1 Tankar rundt tema

Eg har gjort meg nokre tankar om kvifor ettervern er så vanskelig og utfordrande å gjere vellykka. For sosialarbeidarane som arbeider med dette, kan det vere frustrerande at det ikkje er balanse mellom ynskje om å gi godt ettervern, og dei ressursane ein har tilgjengeleg. Eg tenkjer difor at ressursmangel gjer ettervern utfordrande og ufullstendig. Ein del ungdom har

etter fylte 18 år framleis store behov for hjelp og oppfølging. Å skulle fordele ansvar for dei som i større eller mindre grad har behov for ettervern kan raskt utarte seg til å bli ei interessekonflikt.

1.2 Avgrensing og omgrevsavklaring

Når eg snakkar om ”sosialarbeidar” meiner eg i denne oppgåva sosionom/ barnevernspedagog/ miljøterapeut/ fagperson som jobbar med barn og unge plassert utanfor heimen. Eg vil fokusere på kva sosialarbeidar kan gjere for å betre ettervernet for ungdom. Det vil ikkje være fokus på kva utgangspunkt ungdomen har som kan problematisere ettervernet (eksempelvis rus, åtferd, omsorgssvikt osv.). Med ungdom meinast i denne oppgåva ungdom / barnevernsbarn / samfunnsbarn / sårbare unge under barnevernets omsorg. I forhold til ettervern vel eg å bruke Jan Storø sin definisjon:

Forberedende og støttende arbeid med unge voksne (16-22) som flytter fra et opphold i institusjon eller fosterhjem til en selvstendig voksentilværelse med tanke på at de skal gjøres i stand til å klare seg selv (Storø, 2001, s. 24).

”Systemomsorg” vil seie omsorg i barnevern eller vaksentenesta sin regi. Ettervern vil bli drøfta generelt. Kulturelle eller etniske forhold og skiljer vil ikkje bli tatt høgde for.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Innleiingsvis har eg presentert tema og problemstilling. Eg har kort presentert kva lova seier om ettervern. I eit eige avsnitt har eg avgrensa og kome med omgrevsavklaring. I kapittel to kjem metodeval, presentasjon av intervjuet og kjeldevurdering. Metode blir først drøfta generelt, før eg går spesifikt inn på det i forhold til mi forsking og litteraturen til denne oppgåva. Ein viktig del av metodekapittelet er å få fram kva forståing eg tek med meg inn i arbeidet. Eg drøftar også intervjuet opp mot reliabilitet, validitet og etikk før eg presentera intervjuguiden min. Vidare kjem samtykke, anonymitet, teieplikt, transkribering og kjeldevurdering.

Kapittel tre til seks består av teori og drøfting. Her blir eiga forsking, andre si forsking og anna litteratur drøfta opp mot problemstillinga mi. Ein sentral forfattar på feltet er Jan Storø. Han beskriv ettervern som noko som skjer i tre fasar. Dette fann eg svært interessant og ville drøfte det opp mot moglegheiter og kriser i kapittel tre. Kapittel fire presentera ansvar og

fristar opp mot overgangen. Kapittel fem handlar om relasjonsbrot og relasjonens betyding i overgang.

2.0 Metodeval

”Metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener formålet, hører med i arsenalet av metoder” (Dalland, 2015, s. 110). Oppgåva består av kvalitatittivt intervju saman med litteraturstudie. Eg vel å bruke Olav Dalland si bok ”Metode og oppgaveskriving” (2015) for å forstå korleis gode kvalitative intervju skal utførast, samt korleis avgrense for å kunne trekke ut essensen.

Olav Dalland skriv om ulike aspekt ved kvalitatittivt forskingsintervju, men dreg fram hovudformålet til å vere å få intervjuobjektets eiga beskriving og oppleving av den livssituasjonen ein befinn seg i (Dalland, 2015, s. 153). Fleire forfattarar tek opp same tema,- blant anna Kvale og Brinkmann i si bok ”Det kvalitative forskningsintervju” (2015). Dei skriv at formålet med denne metoden er ”å forstå sosiale fenomen ut fra aktørens egne perspektiver og beskrive verden slik den oppleves av informantene” (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 45). Kvalitatitiv metode handlar om menneskets eigne erfaringar og tolkingar. Eg ville intervjuet nokon som hadde erfaring frå både institusjon og kommunal barnevernsteneste. Det er blitt utført to kvalitative intervju til denne oppgåva. I drøftedelen blir desse presentert som ”informant a” og ”informant b” for å skilje mellom dei.

For å få fram informantane si eiga livsverd og oppleving av ettervernstiltaka som er gjort, hadde eg nokre hovudspørsmål for å styre i ønska retning, men samtidig opne for fri dialog og nye spørsmål undervegs. Dette for at eg ikkje skulle miste verdifull informasjon som kjem spontant og i suget, noko som kjenneteiknar nettopp det kvalitative intervjuet (Dalland, 2015, s. 167). Denne forma for kvalitatittivt intervju blir kalla semistrukturert. Vi fekk ein god dialog rundt tema der eigne historiar vart presentert i fri forteljing (Johannesen, Tufte og Christoffersen, 2010, s. 143).

2.1 Forforståing

I intervjuet var eg klar over at mine eigne erfaringar, kunnskapar og tankar kunne farge synet mitt både i sjølve intervjuet og i oppgåva som heilheit. Ein kan ikkje ”løsrive forståelsen av de enkelte sosiale fenomener fra den samfunnsmessige helheten som de er en del av” (Dalland, 2015, s. 59 og 117). Ein kan ikkje unngå å ta med seg tidlegare kunnskap inn i

møtet med ny kunnskap. Det ligg integrert i oss, nesten som eigne briller i møtet med ulike menneske og ulike situasjonar. Det viktigaste ein då kan gjere er å vere bevisst dette (Dalland, 2015, s. 117). I tillegg var eg også bevisst den litteraturen eg har lese i forkant av intervjuet. Det vil vere avgjerande å finne gode kjelder som underbygger mine funn, samt dei som kan problematisere funna mine.

Informantane mine kjenner eg gjennom jobb. Dette var viktig å tenke over på forhand. På ein måte kan dette ha vore ein fordel i den grad at det kan ha vore lettare å fortelle ope. Det kan også ha vore mindre press og heller meir avslappande. I tillegg visste informantane mine at eg visste ein del om det dei snakka om på forhand. Dette kan ha gjort at fakta vart meir presis. Vi hadde også ei felles forståing. Vi kunne ha ein open dialog rundt ein del av eksempla knytt opp til teori og spørsmål utan at teieplikta kom i vegen. På den andre sida kunne mitt kjennskap til feltet og informantane ha gjort dei usikre i forhold til å snakke ope om faktaspørsmål. Det kan ha ført til at informantane heldt tilbake informasjon for å ikkje seie noko feil (Repstad, 2007, s. 82-82). Eg føler likevel ikkje at dette gjorde intervjuet mindre gyldig. Det vart tvert imot ei oppleving av spontan og god kunnskap basert på erfaringar og kunnskapar.

2.2 Informantane

Eg har valt to barnevernspedagogar som mine intervjuobjekt. Eg har gjort eit strategisk val ut frå kva kunnskapar og erfaringar eg ynskjer å vite meir om. Eg har bruktt mitt eige nettverk for å finne fram til dei. Dei har erfaringar frå jobb på institusjon og i kommunalt barnevern. Eg tok kontakt med dei, presenterte oppgåva mi og lurte på om dette var noko dei kunne tenke seg å snakke med meg om. Dei var veldig positive til dette og ville veldig gjerne bidra med sine erfaringar. Eg har passa på å gi dei tilstrekkeleg informasjon. Eg ynskja informasjon om deira erfaring og opplevingar frå denne typen arbeid (Dalland, 2015, s. 163).

Intervjua gjekk føre seg på forskjellige måtar. Intervjuet av informant a vart utført på arbeidsplassen hennar. Informant b fekk eg ikkje tid til å treffe, så dette intervjuet vart utført på Skype. I begge intervjeta vart det brukt lydopptak i tillegg til notat.

2.2.1 Reliabilitet, validitet og etikk

Reliabilitet blir definert på fleire måtar. Slik Kvale og Brinkmann beskriv det, handlar det om kor vidt informantane ville svart noko anna til ein anna forskar. Her vil spørsmåls-

formuleringa vere avgjerande (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 250). Som Repstad beskriv har ein god del av oss opplevd frustrasjonen over firkanta spørsmål og svar i både intervju og spørjeskjema. Her er det ofte lite rom for eigne formuleringar og tankar rundt spørsmåla, noko som kan skade gyldigheita av intervjuet (Repstad, 2007, s. 78). Spørsmålsformuleringa var så open som mogleg innanfor mine hovudtema; ettervern og oppfølging. Spørsmål som ”Kva er godt ettervern for deg?”, ”Dersom du har tenkt at noko kunne vore endra i forhold til ettervernsarbeid, kva skulle det ha vore?” og ”Opplever du dette forskjellig frå jobben i barnevernet versus jobben på institusjon?”. Eg opplever difor at svara eg fekk var pålitlege. Svara reflekterte det eg ønska å vite noko meir om (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 250). Eg ville fokusere på deira kunnskapar og erfaringar frå to arbeidsplassar som dei har vore ein del av,- kommunalt barnevern og institusjon for barn og ungdom. Ut over dette var det berre formalitetar som vart informert om. Eg ville ikkje at eg, kollega, venner eller andre skulle påverke svara eg fekk.

2.2.2 Intervjuguide

Intervjuguiden er berre meint som ei hugsliste. Den skal ikkje følgjast slavisk, men er laga for å hugse hovudspørsmåla og halde meg til tema. Oppfølgingsspørsmål kom difor naturlig ut frå samtalane, ikkje ut frå korleis rekkefølge dei sto i intervjuguiden. Informantane mine kom fleire gonger inn på andre spørsmål eg hadde seinare i guiden. Eg ville behalde ein naturleg dialog, så det var ingen grunn til å avbryte. På denne måten fekk vi god flyt og det vart utfyllande og gode svar. Samtidig fekk vi diskutert same tema fleire gonger med ulik innfallsinkel. Det kvalitative intervjuet skal vere saks- og heilheitsorientert, noko det då vart. Det er meir enn berre ein uformell samtale, sjølv om intervjuguiden opnar for fri forteljing ut frå fastsette hovudtema (Repstad, 2007, s. 78-79). Sjå vedlegg 2.

2.2.2.1 Samtykke, anonymitet og teieplikt

Det er fleire formalitetar rundt intervjuet som må på plass både før, under og etter. Dette vil vere informert og frivillig samtykke, teieplikt, anonymitet og transkribering. For meg har det vore viktig å behandle opplysningane frå informantane med respekt. Eg har brukt intervjua gjennomgåande i ulike samanhengar (Dalland, 2015, s. 108).

Informert og frivillig samtykke vil seie at informantane mine sto heilt fritt til å avslå og avbryte kor tid som helst då dei fekk spørsmålet om å delta. Eg delte ut eit samtykkeskjema der eg summerte opp relevant informasjon som informantane skulle lese og skrive under på at

dei hadde forstått (Vedlegg 1). Det vart opplyst før intervjuet at det kom til å ta ca. 40 minutt og kva det skulle handle om. Informert samtykke er viktig, blant anna fordi informantane mine delar opplevingar og informasjon med meg. Då er det viktig at dei veit korleis eg vil bruke informasjonen eg har fått. Det er difor lagt stor vekt på samtykke og etiske prinsipp som inngår i det å utlevere seg til forskar (Dalland, 2015, s. 105).

Til grunn ligg også eit løfte om anonymitet. Det er difor ikkje opplyst alder, namn, tidlegare eller noverande arbeidsplass. Det einaste som er opplyst er kjønn og det faktum at informantane har jobba både på institusjon òg hos kommunal barnevernsteneste. For at informantane mine skal ha tillit til at anonymitet og opplysningar blir ivaretakne skikkeleg, er det viktig at eg er klar på mi teieplikt. Det er difor mi plikt å sikre at ingen andre enn meg har tilgang eller kjennskap til opplysningane eg har fått under intervjuet (Dalland, 2015, s. 102-104).

2.2.2.2 Transkribering og tolking

For å få det mest oversiktleg for eigen del, valde eg etter intervjuet å skrive ned ord for ord det som vart sagt i opptaka. Stemme, mimikk og kroppsspråk forsvinn i transkriberinga, men resten fekk eg skrive ned så presist som mogleg. Dette var viktig i tolkingsarbeidet i ettertid når eg skulle bruke intervjuet. Det krev mykje tid å transkribere på denne måten. Samtidig fekk eg moglegheit til å oppleve intervjuet på nytt (Dalland, 2015, s. 179). Vidare kategoriserte eg informasjonen. Vi snakka fleire gonger om same ting, men med ulik vinkling. Etter kategoriseringa kunne eg trekke ut essensen og bruke det gjennomgående i oppgåva.

2.3 Presentasjon av kjelder og kjeldevurdering

Etter søk i ORIA på ord som ”ettervern”, ”oppfølging”, ”aftercare”, ”barnevern” ”voksenjeneste”, ”overganger”, ”hjelpeapparat” med meir, kom eg fram til at Jan Storø er ein viktig og god forfattar på området. Han har skrive fleire bøker som tek for seg vegen frå omsorg i barnevernet til eit sjølvstendig liv. Eg fann også ein artikkel som tok for seg mykje av det eg ønska å fokusere på: ”Trøblete overgangar i eit aldersdelt hjelpeapparat” (Breimo et al., 2015). Denne artikkelen stiller viktige spørsmål rundt ”utskriving til NAV”, ansvarsfordeling, førebuig, flytting og oppfølging. Dei spør seg blant anna kvifor det er så stort fokus på vegen inn i systemomsorg, medan det er så lite fokus på vegen ut. Eg fann artikkelen særskilt godt skriven og med viktige problemstillingar som er svært relevant for mi

oppgåve. Fleire av kjeldene eg har lese har gode litteraturlister. Desse har vore nyttige for å finne anna litteratur enn det eg sjølv fekk opp med mine søkeord. I denne artikkelen fann eg kjeldetilvising til ein evaluering gjort på eit prosjekt i Danmark. ”Efterværn – støtte til tidligere anbragte unge” av Jakobsen, Hammen og Steen (2010).

Det er mange artiklar, bøker og oppgåver som omhandlar ettervern. Eg ynskja ikkje å bli påverka av andre bacheloroppgåver, så desse vart utelukka. Eg ønska, i den grad det var mogleg, å bruke fagfellevurderte tekstar. Samtidig avgrensa eg søker til å ikkje gjelde tekstar eldre enn frå år 2000.

Eg har funne forsking og teori som både er primær- og sekundærlitteratur. Breimo med fl. har sjølv utført forsking, samtidig som dei i stor grad støttar seg til sekundærlitteratur, altså ”forsking som benytter data fra allerede eksisterende primærstudier, og der data fra disse reanalyseres” (Dalland, 2015, s. 79). Det same gjer Storø. Samtidig har eg nytta primær litteratur som NOVA-rapportane ”Forskingskunnskap om ettervern” (Bakketeig & Backe-Hansen, 2008) og ”Barnevernsklienter i Norge 1990-2005 (Clausen & Kristofersen, 2008). Eg har også eigne intervju.

2.3.1 Perspektiv

Denne oppgåva er skriven ut frå både eit sosialpedagogisk og eit sosialkonstruktivistisk perspektiv på overgang og ettervern. Sosialpedagogikk handlar om at menneske med sosiale hjelpebehov skal vere integrert og inkludert i fellesskapet på lik linje med dei som ikkje har det. Ein skal som samfunn i fellesskap lage ein arena der alle passar inn, uavhengig av sosiale utfordringar (Storø, 2012, s. 22). Sosialkonstruksjonisme fokuserar på korleis individet er med på å skape si eiga verkelegheit gjennom mentale og sosiale konstruksjonar (Røkenes & Hanssen, 2013, s. 154). Det som får oss til å handle på bestemte måtar, kan tenkast å vere menneskeskapt, som konstruksjonar i sosiale fellesskap, og som utgjer og blir ein del av dei kontekstane vi deltek i (Storø, 2012, s. 22). Sosialkonstruksjonisme seier noko om korleis vi formar vår eiga verkelegheit, både individuelt, sosialt og kulturelt. På bakgrunn av den forståinga vi har, konstruerar vi kunnskapar i møte med ulike erfaringar. I denne forståinga går ein vekk frå at sosialarbeidaren er ekspert. Kunnskap og tankar om kva som er godt ettervern vil vere noko ein kjem fram til i fellesskap basert på kvar våre tidligare erfaringar og kunnskap (Røkenes & Hanssen, 2013, s. 154).

3.0 Ettervern i tre fasar – moglegheiter og kriser

Mange barn og unge som lever under omsorg i barnevernet gjer dette fordi dei har eit mindre og meir sårbart familienettverk enn andre. Målsettinga med ettervernet er at også desse skal få nødvendig støtte i overgangen frå omsorg i barnevernet til eit sjølvstendig vaksenliv (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2011). Ettervern er ein heilheitleg prosess som skal starte før den enkelte fyller 18 år. Det er ikkje berre eit enkeltståande tiltak, men ein overgangsfase som gjerne kan delast inn i tre delar. I dei følgande kapitla vil eit utdrag av eksisterande forsking og teori rundt ettervern bli presentert. I omgrepssavklaringa vart Storø sin definisjon av ettervern presentert. Han meiner at fokuset skal ligge på å støtte og førebu ungdom på eit tilvære utan barnevernet i ryggen. Dei skal få hjelp inn i den sjølvstendige vaksenverda med alt av krav, forventingar og oppgåver som følgjer med det (Storø, 2001, s. 24).

3.1 Førebuing

Det er for å finne det tiltaket som er til det beste for den enkelte ungdom at lova gir vide rammer. Nokre har behov for personleg og tett kontakt, andre har sosiale behov. Eit tredje behov kan vere råd og rettleiing i forhold til økonomi og husvære. Det er difor avgjerande at sosialarbeidar, i lag med den enkelte ungdom, finn fram til eit tiltak som er individuelt tilpassa. ”Eftervern er en støtte til selvstendiggjørelse, og det er derfor logisk, at behoverne ikke er de samme på alle tidspunkter i den unges utviklingsprocess” (Jakobsen, Hammen, & Steen, 2010, s. 9). Fordi behov hos den enkelte ungdom endrar seg, er det nødvendig med tiltak som er dynamiske og individuelt tilpassa. Storø skriv at ein må jobbe med ettervern over tre fasar for at tiltaket skal bli heilheitleg og godt; førebuing – flytting – oppfølging. Ein må arbeide med sjølvstendiggjering av ungdommen lenge før dei flyttar ut, kanskje så tidleg som dag éin av fosterheimspllasseringa eller institusjonsopphaldet (Storø, 2001, s. 24).

Regjeringa sende i år ut ei melding som seier at ”Barnevernstenesta skal, i god tid før ungdomen fyller 18 år og i samarbeid med ungdomen, utarbeide ein tiltaksplan for vedkomande” (Barne- og likestillingsdepartementet, 2017). Storø peikar på at det er dette som må til for å gi ungdom i barnevernet eit heilheitleg og verdig tilbod. På denne måten kan ein ufarleggjere overgangen. Det kan då vere eit trygt prosjekt som ein jobbar med i fellesskap. Ein må allereie frå start, og til ei kvar tid, arbeide med innsikt og kompetansebygging for den neste fasen i livet – flyttinga (Storø, 2001, s. 24-25).

3.2 Flytting

Det er umogleg å snakke om ettervern utan å snakke om flytting som overgang. Ein overgang som potensielt kan innebere mange kriser for den det gjeld. Ein flyttar for å starte på ein ny fase i livet. Samtidig flyttar ein frå det ein er trygg på og kjenner til. Det kan vere å flytte frå ein kvardag ein meistrar, til noko ukjent og usikkert. Dette er tida for moglegheiter, men også for kriser. Storø peikar på viktigeita av at ungdomen er klar for eit sjølvstendig tilvære den dagen flyttinga skjer (Storø, 2001, s. 124, 133).

Breimo et al. diskuterar Storø sitt utsagt om at det tradisjonelt har vore fokusert svært mykje på vegen inn i systemomsorg, medan vegen ut har vore mangelfull. Prosessen med å forlate systemomsorg består ikkje av ei enkel hending. Den består av mange ulike hendingar, erfaringar og opplevingar som er av både praktisk og kjenslemessig karakter. Saman vil dette resultere i ulike behov og ynskjer frå den enkelte ungdom som skal flytte ut. Fleire forfattarar har drøfta det å ha éin kontaktperson å forhalde seg til i prosessane som inngår i fasane i ettervernet (Breimo, Sandvin & Thommesen, 2015, s. 31). Dette både for å sleppe å bryte med alt det kjende og trygge på 18-årsdagen, samt å trygge ungdomen på at nokon dei kjenner vil vere med i overgangane. Å sleppe å bryte alle relasjonar som ein over tid har bygd opp og gjort seg trygg på, kan dempe angstnivået mange opplever rundt det å fylle 18 år. Fleire av Breimo et al. sine intervjuobjekt formidla at dei grua seg til å bli 18 år fordi dei ikkje visste kva som skulle skje og kven dei skulle forhalde seg til vidare. For nokre var det ein angst for å bli overlatt til seg sjølv. Ein av grunnane til dette var at ”(...) NAV synes å vegre seg for å bli involvert før det er ”deres tur (...)” (Breimo, Sandvin & Thommesen, 2015, s. 31-39).

NAV kom i 2016 med ein omverdsanalyse. Den seier noko om utvikling, trendar og konsekvensar dei neste 15 åra. Eit av fokusområda dei trekk fram er behovet for å endre tiltak og verkemiddel retta mot menneske i utsette posisjonar. Dei meiner det er større behov enn nokon gong for samarbeid mellom NAV og andre sektorar - særleg med psykisk helseteneste (Arbeids- og velferdsdirektoratet, 2016).

3.3 Oppfølging

For både ungdom og sosialarbeidar vil det vere trygt å vite at eit team står klart ved utflytting. Dette vil verke som eit sikkerheitsnett for den enkelte.

Det blir framheva i fleire studiar at den vellykka overgangen til eit sjølvstendig vaksenliv er avhengig av prosessar og strukturar som utgjer eit ytre miljø som ungdomen må forhalde seg til. I USA brukar ein omgrepet ”emerging adulthood”. I dette ligg eit ønske om å redusere skiljet mellom systemomsorg for barn og vaksne. Som Storø skriv om den siste fasen i ettervernet, oppfølgingsfasa, vil det for ungdom vere ei lette å kunne behalde nokre av dei relasjonane som er opparbeida gjennom omsorg i barnevernet. Dette grunna den grunnleggande angstens mange har for å bli 18. Storø viser vidare til Höyer og Sjöblom (2010) som har samla ei rekke undersøkingar som viser at oppfølging etter utflytting er heilt avgjerande for korleis det går vidare. Höyer og Sjöblom meinar hovudproblemet er at eit omfattande ansvar tek slutt på 18-årsdagen. Ein overgang til vaksenlivet er ikkje problemfri. Prøving og feiling er forventa. Vert det for vanskeleg har dei fleste moglegheita til å flytte heim eller få overført litt ekstra pengar til mat. Ungdom under systemomsorg har gjerne ikkje denne moglegheita. Breimo et al. undrar seg då over om staten kan fråskrive seg ansvaret som dei påtok seg då det vart slutta at det enkelte barnet ikkje kunne bu med sine biologiske foreldre. Dei meiner det burde ligge eit krav til grunn om å førebu den unge på eit sjølvstendig vaksenliv. For mange er ikkje det ansvaret ferdig oppfylt ved 18-årsdagen (Breimo et al., 2015, s. 30).

Teori og empiri viser at det er mange potensielle kriser knytt til overgangen frå omsorg i barnevernet til eit sjølvstendig vaksenliv. Oppfølgingsfasen har vist seg å vere heilt avgjerande for eit godt resultat (Storø, 2001, s. 134). Stadig fleire ynskjer ettervernstiltak. Undersøkingar har vist at unge som får tiltak har betre framtidsutsikter og større sjanse for å klare seg som vaksne enn dei som ikkje får det (Breimo et al., 2015, s. 30). Overgangen består som nemnt ikkje berre av ei enkelt hending. Det er tvert om ein prosess sett saman av fleire overgangar, problemstillingar og større eller mindre grad av meistring. Ein del av dei vanskelege overgangane skjer ikkje nødvendigvis akkurat når flyttinga skjer. Noko skjer før, og mykje skjer i ettertid. Storø seier at den unge går frå å vere avhengig av omsorg, til å skulle klare alt sjølv (Storø, 2001, s. 134).

4.0 Å fylle 18 år i følgje lova

Barnevernet har i følge Lov om Barnevernstjenester § 1-3, andre ledd, plikt til å tilby ettervern til dei som har eit tiltak i barnevernet ved fylte 18 år og fram til dei fyller 23. Denne oppfølginga er basert på frivillig samtykke.

Når barnet samtykker, kan tiltaket som er iverksatt før barnet har fylt 18 år, opprettholdes eller erstattes av andre tiltak som er omhandlet i denne lov inntil barnet har fylt 23 år, jf. Lov om barnevernstjenester § 1-3, andre ledd.

Lov om barnevernstjenester § 4-15, fjerde ledd, legg vekt på at det i god tid før barnet blir myndig skal vurderast om den enkelte har behov vidareføring av plassering, eller om det er behov for andre hjelpetiltak. Det skal utarbeidast ein dynamisk plan som skal følgje den enkelte gjennom fasane som Storø brukar; førebuing, flytting og oppfølging.

I utgangspunktet kan alle tiltak etter lova vidareførast, samt kan ein sette i verk ein del hjelpetiltak. Lova set ingen avgrensingar for kva som er mogleg, men nemner nokre vilkår. Blant anna skal ungdomen ha eit pågåande tiltak som varar fram til han eller ho er fylt 18 år. Dette skal anten oppretthaldast eller erstattast med eit nytt tiltak i barnevernet (Storø, 2012, s. 15-16). Dersom det er snakk om omsorgsovertaking, fell dette vedtaket vekk på 18-årsdagen, som ein ”naturlig konsekvens av at foreldreansvaret opphører og ungdommen blir myndig fra dette tidspunktet” (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2011), dersom det blir vurdert at det ikkje er nødvendig å oppretthalde den. Det kan eventuelt erstattast med andre hjelpetiltak (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2011).

4.1 Rundskrivet

I rundskrivet til lova står det at det i forarbeida er forutsett at det ikkje er noko i vegen for å vidareføre tiltak også til dei som i ein kortare periode før dei vart 18 år ikkje har hatt tiltak i barnevernet. Dette blir grunngjeve med at det er viktig at også desse ungdomane får ei moglegheit til å prøve og feile, med eit sikkerheitsnett som kan ta i mot, på vegen til eit sjølvstendig liv (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2011).

4.2 Formålet

Formålet med ettervernstiltaket er at den enkelte ungdom, i aldersspennet 18 – 23 år, skal oppleve overgangen som trygg og forutsigbar. Det blir lagt vekt på at overgangen er ein prosess som består av fleire delar. Det er difor viktig å førebu ungdomen gjennom alle dei tre fasane. Dette skjer ved å la ungdomen vere delaktig. Dei skal i god tid i førevegen gjerast kjent med kva krav som blir stilt til dei etter fylte 18 år, samt kven som skal følge opp tiltaket. I rundskrivet kjem det også fram at ungdomen skal støttast til å realisere eigne ønsker, samt oppmuntrast til utdanning og arbeid (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2011).

For dei barn og unge som mottek frivillige hjelpetiltak, skal det utarbeidast ein tidsavgrensa tiltaksplan. Dette er barnevernstenesta sin jobb. Denne skal innebere oppfølging av tiltak, kven som skal utføre dette, samt kva ein tenker skal skjer etter fylte 18 år. Denne planen skal regelmessig vurderast og tilpassast, og er difor dynamisk (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2011). Storø meiner det difor er viktig å starte med førebuing av sjølvstendiggjering tidleg. Han har delt arbeidsfasen inn i tre delar, men meiner at ein gjerne kan starte med dette arbeidet så tidleg som ved innflytting (Storø, 2001, s. 24). I rundskrivet til lova kjem det fram at det i dagens samfunn har stor betyding at unge meistrar skule eller jobb, bustad og økonomi. I tillegg til dette blir det lagt vekt på viktigheten av å meistre å ha eit sosialt nettverk. Av denne grunn bør ettervernstiltak utformast slik at den enkelte ungdom får moglegheit til å utvikle seg og oppleve meistring på vegen mot eit sjølvstendig vaksenliv. Behova endrar seg hos den enkelte, difor bør også tiltaket gjere det (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2011).

Ein del ungdom ynskjer ikkje vidare oppfølging av barnevernet når dei fyller 18 år. Dei ynskjer å klare seg sjølv. I rundskrivet til lova kjem det fram at desse ungdomane likevel skal gjerast oppmerksame på moglegheita til å ombestemme seg. I rundskrivet står det også at barnevernstenesta bør, så langt det let seg gjere, prøve å få til ein avtale om at ein kan kontakte kvarandre for å til dømes høyre korleis det går. Uavhengig av om det blir avtala kontakt eller ikkje, bør barnevernstenesta kontakte ungdomen eitt år etter at alle tiltak er avslutta. Også denne gongen bør ein høyre om det er noko ein kan hjelpe til med og om dei har behov for tiltak. Barnevernstenesta bør også vere behjelpelege dersom det er behov og / eller ynskje om samarbeid med andre tenester og innføring av individuell plan, skriv Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2011).

5.0 Relasjonsbrot – relasjonens betydning i overgangen

Dette kapittelet set fokus på relasjonen. God relasjon i arbeid med sårbare unge er heilt avgjerande for at den unge skal ha tillit til sosialarbeidar som fagperson og for at endring skal gå i ein positiv retning. Ein bærande og god relasjon kviler på ein samhandlingsprosess som skapar tillit, tryggleik, tilknyting og ei oppleving av å bli trudd i sine erfaringar og kunnskapar (Røkenes & Hanssen, 2013, s. 25-28). Røkenes og Hanssen skriv at ein ”relasjon er viktigere enn det som konkret blir sagt og gjort” (2013, s. 178). Då mange unge under systemomsorg har opplevd fleire relasjonsbrot, vil det kreve mykje av dei å la nokon kome nær. Særleg då

tanken er utflytt og relasjonsbrot ved 18-årsdagen, er dette ekstra vanskeleg. Storø summerar opp kva som er viktig i unges liv i og etter overgangen: stabilitet, kontinuitet og gode relasjonskvalitetar. Han skriv vidare at denne typen ettervern er noko ein bør kunne forvente at andre barn får av sine foreldre. ”De unge i barnevernet bør kunne få oppleve å få hjelp som bygger på disse kvalitetene, i sitt strev med å falle inn i samfunnet som unge voksne” (Storø, 2012, s. 91).

På institusjon jobbar ein hardt for å etablere ein trygg og tillitsfull relasjon til og for ungdomane. Denne relasjonen er heilt avgjerande for å kunne arbeide seg gjennom vanskelege problemstillingar, samt å sikte mot neste fase i livet, - det sjølvstendige vaksenliv. Balansen er avgjerande, men vanskeleg. Ved å etablere ein bærande relasjon, gjer ein til ein viss grad ungdomen avhengig. Samtidig skal ein arbeide mot uavhengigkeit og eit sjølvstendig liv. Storø skriv vidare at for at denne balansen skal bestå av glidande overgangar, må ungdom og sosialarbeidar ha overlappande mål som blir jobba med saman, samt kvar for seg (Storø, 2001, s. 55).

5.1 Kontaktperson

I eit dansk forskingsprosjekt – ”Efterværn – støtte til tidligere anbragte unge”, utført av Det Nationale Forskningscenter for Velfærd (Jakobsen et al., 2010), blir viktigheita av ein kontaktperson trekt fram som eit tiltak som verkar i ettervernsarbeid. I Norge er det føreslått å bruke ordet ”tillitsperson”. Under omsorg i barnevernet får ein meir beskyttelse og oppfølging. I vaksentenesta vert det forventa at den enkelte tek meir ansvar for seg sjølv, og ein mistar fleire rettar. ”(...) samtidig kan dette skillet virke opprivende for ungdommer som har opplevd en barndom med mange brudd og som derfor har behov for kontinuitet i hjelperelasjonen” (Breimo et al., 2015, s. 37).

Jakobsen et al. nemner fleire viktige vegkryss der det å ha ein tillitsperson kan vere avgjerande for den unge. Særleg peikar dei på skuleforløpet. Å kome inn på skule, halde ut dei åra som krevst samt å avslutte med ståkarakterar. Skulekvardagen byr på tøffe prøvingar. For ungdomar utanfor systemomsorg ville dette vore ei oppgåve foreldra tok på seg. Andre problemstillingar som byr seg etter utflytt kan vere å skulle finne seg ein ny heim, økonomistyring og relasjonsskaping i sosiale settingar (Jakobsen et al., 2010, s. 50). Som nemnt handlar det ikkje om ein enkelt overgang, men ein serie av større eller mindre overgangar (Breimo et al., 2015, s. 41). I forskingsartikkelen kjem det fram at ”Dette er i

overensstemmelse med den offisielle målsætning om, at kontaktpersonordningen skal være en støtte i forhold til den unges samlede situation” (Jakobsen et al., 2010, s. 50).

Heilheitstenking bidreg til å skape tillit og tryggleik i vanskelege overgangar. Det handlar om å vere tilstades som ei hjelpende hand, ein rettleiar og ein rådgivar når det trengs (Jakobsen et al., 2010, s. 50). Ein av kontaktpersonane til Jakobsen et al. fortel at:

Vi skal være en hjælp i de ”5 minutter”, der er behov for det. Og så skal de jo sådan set leve deres eget liv. Uanset hvor de kommer fra, og hvad de har været igennem, så er det deres liv, deres historier. Det er ikke os, der skal blive deres omdrejningspunkt (Jakobsen et al., 2010, s. 50).

Dei unge har forskjellige behov og ynskjer for ettervernet (Jakobsen et al., 2010, s. 50). Overgangen frå barndom til sjølvstendig vaksenliv handlar ikkje berre om å gå frå ein livsfase til ein anna mindre forutsigbar. Det handlar like mykje om eit skifte i institusjonelle relasjonar. Å ha ein frå tenesteapparatet, ein tillitsperson, som kan følgje ein gjennom fasane, fylt av overgangar, er noko fleire har peika på som svært positivt, skriv Breimo et al. (2015, s.39-42). Dette blir også trekt fram i rundskrivet til lova. Ungdom som flyttar for seg sjølv har ulike behov. For mange er det nødvendig med hjelp til praktiske ting, samt råd og rettleiing rund til dømes økonomistyring. For andre kan det vere nok at sosialarbeidaren stikk innom ein gong i blant for å høyre korleis det går. Andre igjen kan ha meir omfattande behov. Det blir difor lagt vekt på at barnevernstenesta har stor fridom til å utarbeidet individuelt tilpassa, fleksible og kreative tiltak. På denne måten kan ein legge best mogleg til rette for ein god overgang, i ifylge Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2011).

6.0 Analyse av funn og drøfting

I dette kapitlet vil mogleger og utfordringar i overgangane rundt ettervernet bli drøfta opp mot fristar og relasjonens betyding. Mine intervju vil bli drøfta i lag med litteratur og forsking som er presentert tidlegare i oppgåva opp mot problemstillinga mi: Korleis kan ein sosialarbeidar, som del av eit større hjelpeapparat, bidra til å betre overgangen frå omsorg i barnevernet til eit sjølvstendig vaksenliv?

6.1 Fristar og lovverk

Behova hos den enkelte ungdom kan endre seg mange gonger gjennom overgangen. Som vi såg i lova, samt rundskrivet til denne, er det få avgrensingar for korleis ettervernet kan

tilretteleggast og utførast nettopp av denne grunn. Lova opnar for ei verd av moglegheiter og individuelt tilpassa opplegg. Likevel, det at lova set så lite grenser kan på den andre sida verke ansvarsfrårøvande. Den seier ikkje noko spesifikt om ettervernet, noko dei til dømes er lovpålagt hos barnevernstenesta i andre land som England (Breimo et al., 2015, s. 31).

6.1.1 Ansvarsfordeling

Eg har forskjellige erfaringar rundt dette med fristar. Vi prøvde alltid å få ungdommane til å fortsette med tiltaket etter fylte 18. Vi snakka med dei om det, men mange ville jo berre bli kvitt barnevernet. (...). Eg følte vertfall at det var ei vilje til å følgje dei opp (Informant B).

Noko som var særleg interessant informasjon frå denne informanten var at ho, då ho jobba i ein annan instans, opplevde lite lyst til vidare oppfølging frå barnevernets side (Informant B). Dette er vanskeleg. På eine sida skal ein halde seg til sitt ansvarsområde. På den andre sida skal ein jobbe tverrfagleg og overlappe kvarandre til det beste for den enkelte ungdom.

Informant A problematiserte dette:

Eg trur at ein raskt blir henvist til andre om ein ikkje takkar ”ja” med ein gong. Kanskje til og med dei som har takke ja. Det kjem jo an på kva ein treng hjelp til, men ein jobbar jo mot å overføre saka til dømes til Nav (Informant A).

Likevel, informanten har ikkje opplevd dette som spesielt gode overgangar. ”Nav er ikkje så veldig interessert i å kome inn særleg lenge før dei fyller 18, medan barnevernet gjerne vil avslutte saka hos dei på 18-årsdagen” (Informant A). Dette kan ein jo forstå. Det er to ulike lovverk ein jobbar ut frå og som ein må forhalde seg til. Det er også to ulike budsjett. Mykje botnar i økonomi. Likevel, begge lovverk og begge sektorar er pålagt å jobbe tverrfagleg.

6.1.2 Samarbeid

Breimo et al., meiner det kan verke som at det er svake samarbeidsrutinar mellom NAV og barnevernet (Breimo et al., 2015, s. 39). På den eine sida erkjenner NAV at det er manglar i samarbeid med viktige instansar i sin omverdsanalyse. På den andre sida nemner dei ikkje ordet ”barnevern” ein einaste gong (Arbeids- og velferdsdirektoratet, 2016). Som mine informantar har peika på, er det eit stort behov for samarbeid mellom desse to instansane for å dekke det komplekse behovet stadig fleire unge har.

På Nav kan dei hjelpe til med jobb, økonomi og slike praktiske ting. Men så har du den emosjonelle delen. Det blir jo ikkje fulgt opp av dei (...). Dette er vondt, ein veit då at når ein slepp dei, har mange store hjelpebehov som dei ikkje vil få dekka (Informant A).

NAV sin omverdsanalyse peikar på at unge åleinebuande har hatt svak realinntektsvekst dei seinare åra. Det betyr at dei ikkje har hatt like god inntektsvekst som resten av befolkninga, - i stor grad grunna arbeidsløyse. Dei seier i si analyse at dette skuldast fleire ting, blant anna vekst i antal unge med psykiske helseproblem, samt at det stabile og høge fråfallet frå vidaregåande skule fortset (Arbeids- og velferdsdirektoratet, 2016). Sjølv om NAV sin analyse baserer seg på alle unge, og ikkje spesifikt ungdomar overført frå barnevernet, korrelerar denne problematikken med mange av ungdomane som i denne oppgåva blir omtalt. Dette meiner eg kan indikere at NAV ser mykje av den same problematikken som Breimo et al. peikar på i sin artikkel (Breimo et al., 2015). Kan dette ha noko med samarbeidsrutinar å gjere? I NOVA-rapporten om ettervern vert det trekt fram at manglande felles forståing av unges behov og uklare ansvarsforhold er utfordrande i tverrfagleg samarbeid mellom instansane (Bakketeig & Backe-Hansen, 2008. s. 12).

6.1.3 Lova

Breimo et al. problematiserer det faktum at det ”normale” omsorgsansvaret som barnevernet utfører stoppar når ein når myndigheitsalder. Dei meiner at den vidare relasjonen handlar om ettervern. I dette ligg det at ansvaret i stor grad vil vere basert på ein kontrakt mellom dei to partane: ungdom og barnevern (Breimo et al., 2015, s 39). I rundskrivet til lova kjem det fram at dette ikkje er faktum. Formålet med ettervernstiltaket er at den enkelte ungdom, i aldersspennet 18 – 23 år, skal oppleve overgangen som trygg og forutsigbar. Det verkar til å vere ein diskrepans mellom rundskriv og lov, eller at lova ikkje utdjupar det ansvaret ein har meint i utgangspunktet. Det kjem fram hos informant B at det er utfordrande slik lova er utforma i dag. ”Det er behov for meir lovfesting. Det ville gitt meir struktur i oppfølginga, - vertfall frå barnevernets side” (Informant B). Informant A peikar også på eit anna lovproblem: ”Sjølv om barnevernstenesta er lovpålagt å tilby ettervern, verkar det å vere lite rutinar på det. Det endar fort opp som noko som berre står på papiret” (Informant A).

6.2 Utfordring: Å byrje for seint..

Både Storø og andre er tydelege på at vegen frå barnevern til sjølvstendig vaksenliv består av mange prosessar og mange overgangar (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2011). Ein går frå å stabilisere, bearbeide og arbeide tett i først fase, til å skulle endre fokus til

sjølvstendiggjering og dei positive framtidsutsiktene mot siste fase (Storø, 2003, s. 13). Dette er komplekst. Som mine informantar, samt fleire leiande forfattarar på feltet meiner, er utflytting noko ein byrjar å arbeide med for seint.

Ein byrjar gjerne to-tre månader før ungdomen er 18. Då skal ein byrje med tiltak og kartlegging av kva ungdomen treng av vidare oppfølging (...). For ungdomen er det mykje som skal lærast på kort tid. Alt frå matlaging og kva ost og brød kostar, til kunnskap om inntekter og utgifter (Informant A).

For at ungdom skal få eit heilheitleg tilbod må ein jobbe med fleire ting samtidig, men med eit hovudfokus på førebuing av sjølvstendiggjering og utflytt. Fleire peikar på at dette kanskje må skje allereie frå dag éin. Kvifor viser det seg stadig at arbeidet startar for seint? ”Det blir ofte i-siste-liten-greier. Det drar ut. Ein tenker at ein har god tid, men det går så altfor fort” (Informant B).

På den eine sida kan ein tenke seg at ein av grunnane er at ungdom må tryggast på at heimen dei no er kome til, vil vere siste stopp på ei stund. Mange har opplevd fleire flyttingar i løpet av livet. Berre det å kunne lande ein plass, har mykje å seie for bearbeiding av til dømes vanskeleg oppvekst.

Mange kvir seg til å bli 18. Det er gjerne ekstra trøblete det halve året før, nettopp fordi det blir relasjonsbrot og at dei ikkje veit kva dei går til. Det ville nok vore godt dersom vi kunne vore med vidare i oppfølginga, og kunne trygga dei på dette når det nærma seg (Informant A).

På den andre sida viser Storø til viktigheta av å vere klar for flytting den dagen det skjer, og at dette er noko ein må jobbe med gjennom heile opphaldet i fosterheim eller på institusjon (Storø, 2001, s. 124). Dette er informant A einig i, men ho meiner at det kunne vore gjort på ein betre måte: ”Godt ettervern er å byrje tidleg, (...), men også å kunne trygge dei på at vi vil vere med litt lenger i oppfølginga” (Informant A).

6.2.1 Lovtolking frå staten si side

Også Regjeringa har vore klare på korleis lova skal tolkast i forhold til å førebu ungdomen på ettervern. Dei skriv i ei regjeringsmelding at ungdomen i god tid i førevegen skal gjerast kjent med kva som ligg i ettervernet (Barne-, likestillings – og inkluderingsdepartementet, 2011). Kvifor er denne balansen så vanskeleg? Dersom utgangspunktet er at ungdom skal flytte ut ved fylte 18 år, er dette eit mål som gjerne er fastsett allereie ved innflytting. På den eine sida har ein då ein plan på førehand som ein jobbar mot. Denne er utarbeida ut frå kva ein tenkjer

er behova og framtidstankane rundt ungdomen. Tanken er at mest mogleg skal ligge til rette for ungdomen og teamet rundt. På den andre sida handlar dette om menneske. Sårbare menneske. Planar endrar seg, målsetting, krav og behov er også i rask endring.

Det er relasjonsarbeid vi jobbar med. Då må ein sjå verdien av gode relasjonar som ein har brukt tid på å bygge opp, og nytte seg av dette. Det er menneske vi jobbar med. Det er ikkje slik at ein berre kan kutte ein relasjon den dagen dei fyller 18. (...). Det er greit at vi skal vere profesjonelle, men korleis skal dei då tru at vi faktisk bryr oss? (Informant B).

6.3 Løysing: Planlagde overgangar er gode overgangar

Vellykka overgangar krev at mange prosessar, fleire instansar, gode strukturar og gode relasjonar er på plass. Dette utgjer eit ytre miljø som den enkelte ungdom må forhalde seg til (Breimo et al., 2015, s. 30). Tidleg samarbeid mellom sosialarbeidar og ungdom er avgjerande. ”Godt ettervern er å begynne tidleg, la ungdomen bli høyrt av deg som miljøterapeut, og å la ungdomen vere sjef i eige liv i lag med gode støttespelarar (...)" (Informant A). Ungdom som får ettervernstiltak har større sjans for å klare seg godt som vaksne enn dei som ikkje får det (Breimo et al., 2015, s. 31). ”Det handlar ikkje om at ein gjer så mykje, men det at ungdomen faktisk har nokon å ringe til. Veldig mange har ikkje det. Å vite at nokon svarar på telefon er trygt” (Informant B). Kvifor er det då ingen prosedyrar på dette? I England er til dømes barnevernstenesta pålagt å ha klar ein ”leaving care”-pakke for kvar og ein som flyttar ut (Breimo et al., 2015, s. 31). Informant A meiner det skulle vore meir fastsette rutinar: ”Ein skulle hatt meir prosedyrar på korleis ein skulle jobbe med ungdomane for at det skulle vere enklare for dei å fungere sjølvstendig i samfunnet” (Informant A). Dette kjem også fram hos informant B: ”Dersom ting hadde vore meir lovfesta hadde det vore enklare. Det ville gitt meir struktur i oppfølginga. Alle barn og unge fortunar god oppfølging og trygge vaksne rundt seg” (Informant B).

Det verkar i stor grad å vere skjønsbasert. I mangel på felles prosedyrar og rutinar med mål og metodar for korleis dette skulle gjennomførast, kan ein tenke seg at det ville vore enklare for barnevernstenestene, og vidare for den enkelte ungdom (Storø, 2001, s. 191). Dette påverkar tilbodet til dei som vil nytte seg av ettervernstiltak. Informant B utdjupar med å seie at

Eg tenker at det kanskje er litt for lite faste rammer i arbeidet med ettervern. Dette fører nok til at det blir veldig store forskjellar i korleis unge blir fulgt opp etter fylte 18 år. Det blir veldig mykje skjønnsmessige forskjellar rundt omkring. Både frå saksbehandlar til saksbehandlar, og frå teneste til teneste. Dette er veldig uheldig. (...). Alle unge har rett på lik behandling (Informant B).

I det norske lovsystemet vert det i dag opna for bruk av skjønn i fagleg praksis, jf. Lov om barnevernstenester § 3-1, andre ledd. Informant B syns det er feil at det skal botne i om den unge er heldig å få ein sakshandsamar som investerer mykje tid og krefter i saka di. Det er ikkje rettferdig. På den andre sida er skjøn nødvendig for å løyse almennyttige oppgåver tilpassa den enkelte sak (Djupvik & Eikås, 2016, s. 61).

6.4 Relasjon og kontaktperson

For mange som har vore under systemomsorg store delar av livet kan overgangen frå barnevernet til vaksentenesta opplevast som nok eit relasjonsbrot i ei endelaus rekke. ”(...) Ein har gjerne jobba med dei lenge – kanskje mange år. Då har ein jo ein relasjon til dei, og ein bryr seg om korleis det går vidare” (Informant B). Eg finn som nemnt ingen prosedyrar eller rutinar fastsett på landsbasis som seier noko om korleis ein kan gjere denne overgangen god. Igjen, det verkar til å vere den individuelle sosialarbeidar sine personlege ynskjer og mål for ungdomen som vert avgjerande. Informant A fortel om hennar måte å gjere det på då ho jobba i barnevernstenesta:

Når eg hadde barn som nærma seg 18, sende eg ut, tre månader før dei vart 18, eit skriv der eg inviterte dei inn til enten samtale eller i det heile at eg informerte dei om ettervern og lurte på om dei ønska det (...). Dette er nok veldig individuelt. Nokre sender brev og er på tilbodssida og informera om kva ungdomen har krav på. Andre gjer ikkje det (Informant A).

Mange unge har ein grunnleggande angst for å bli 18 år. Det er nemleg stor forskjell på å kunne og å ville få til ei endring før ein rekk å nå myndighetsalder (Storø, 2003, s.13). Relasjon mellom ungdom og sosialarbeidar er heilt avgjerande for mange når det gjeld å førebu seg på eit sjølvstendig vaksenliv. I botn av denne relasjonen må det ligge tillit og tryggleik. Dette er noko ein ikkje kan forvente skal ligge til grunn etter eit par møter. Her kan ein tillitsperson gjere ein god og viktig jobb. Å betre overgangen med ei slik ordning handlar ikkje om å ta over ansvaret som ungdomen eigentleg skal ta sjølv, eller å vere tilstades heile døgnet. Det handlar tvert om å vise ungdomen at den relasjonen ein har opparbeida seg imellom er verdt noko. Ungdomen står då ikkje åleine om vanskelege val og problemstillinger, men har nokon å vende seg til for råd og rettleiing når det vert vanskeleg (Jakobsen et al., 2010, s. 42-43)

På den andre sida kan ein kontaktperson bli for nær. Det kan skapast eit avhengigheitsforhold som står i vegen for eit sjølvstendig tilverke, samt jobben som andre instansar eventuelt skal

inn å gjere (Storø, 2001, s. 191). Ein tredje variant er å sjå på flyttinga som ein naturleg overgang i livet. Det er mykje positivt rundt det. I tillegg har fleire budd lenger periodar på institusjon eller i fosterheim der det har vorte jobba relasjonsmessig lenge. Dette bør vere med i avgjerdsla om vidare oppfølging. For nokre kan den beste løysinga vere å ”kutte navlestrenget”. For andre er det større behov for oppfølging.

”Barnevernstenestene har eigentleg lite kontakt med ungdommen. Når ein plassera i institusjon er ein eigentleg berre med på ansvarsgruppemøter som ein del av oppfølginga. Desse kan det fort gå 8-9 veker mellom. Elles er det veldig lite” (Informant A). Kva er grunnen til dette? ”(...) I mellomtida er jo ungdomen i hende på andre som tek vare på dei. Eg vil jo få beskjed om dei treng noko meir” (Informant A). Handlar dette om ansvarsfråskriving, for store arbeidsmengder, økonomi eller andre ting? Det er vanskeleg å finne noko fasitsvar. Gjerne vil det variere frå sosialarbeidar til sosialarbeidar, frå kontor til kontor og frå kommune til kommune. Mange meiner likevel at det botnar i økonomispørsmål.

(...) Det er dessverre ikkje noko automatikk i oppfølginga. Det er faktisk sjeldan at det skjer, for no handlar alt om økonomi (...). Eg skulle ønske det skjedde automatisk fram til dei kanskje var 20 år. I dag handlar det heller om å få dei over i andre system (Informant A).

Dette nemner også informant B, men ho tenker større på det:

Ein bør jo tenke på det i samfunnsperspektiv. Heiltheitleg. Det er ikkje slik at barnevernstenesta betalar for alt, eller institusjonen, eller NAV. Det er samfunnet generelt. Dersom ein ikkje føl godt nok opp på dette såre tidspunktet, frå dei er 18-23 år, vil det få ganske store samfunnsøkonomiske konsekvensar. Det vere psykiatri, uføretrygd og så vidare (Informant B).

Det er kanskje nettopp i ettervernet at ein burde bruke pengar for å følge opp og førebygge. Dessverre er førebygging vanskeleg å måle. Å vidareføre ein god relasjon for ungdommen kan vere store pengar spart.

7.0 Avslutning

Det som var viktig for meg med denne oppgåva var å sette lys på ettervernet. Kva svakheitar og kva styrkar fins? Ettervern har vist seg å finnast i mange forskjellige variantar. Det er meir enn berre eit forlenga institusjons- eller fosterheimsopphald. Ettersom samfunnet har overteke omsorgsansvaret for desse ungdomane, bør det også ligge til grunn at samfunnet vidare, som føresette, føl opp i tida etter at ungdomen har vorte 18 år. Det må også for desse vere rom for

å prøve og feile. Den opne lovformuleringa og rundskrivet til denne har vorte drøfta i oppgåva. Den opnar i stor grad opp for god skjønnsbruk og stor kreativitet. På den andre sida resulterar dette i store variasjonar i ettervernet. Eg har ikkje funne prosedyrar som sikrar eit minstetilbod for dei som ynskjer ettervern. Ei heller har eg funne skriv som seier noko om kva som skal informerast om eller kortid, i forhold til å førebu overgangen i god tid.

Tanken på at fleire av dei gode relasjonane tek slutt ved 18-årsdagen kan skremme mange unge frå å sleppe nokon nær. For andre som har gjort det, kan tida rett før utflytting vere ekstra utfordrande og vanskeleg. Dette er grunnen til at eg og andre trekker fram tillitsperson som ei god løysing på korleis ein sosialarbeidar kan betre overgangen for den unge. Eit løfte om vidare oppfølging av nokon ein kjenner, nokon som kjenner eins historie og problemstillingar, kan vere ei stor lette. Tillitspersonen kan då følgje ungdommen gjennom dei tre fasane for ettervern: førebuing, flytting og oppfølging. På denne måten får ein planlagt overgangen i god tid (Storø, 2001, s. 191).

Det er presentert fleire funn, både positive og negative, rundt ettervern og oppfølging. Det viktigaste er at instansar må jobbe ilag, på tvers av fagfelt, og yte ein felles innsats for å gi unge ein så god overgang som mogleg tilpassa den enkelte. Når dette er oppfylt, kan ein betre levekåra og gjere kvardagen meir meiningsfull (Backe-Hansen & Bakketeig, 2008).

Konklusjonen min er at det dei seinare åra har vorte eit auka fokus på ettervern. Likevel, det virkar ikkje som tenkt. Mykje blir overlatt til tilfeldigheitar som eit resultat av opne lover og lite felles prosedyrar. Det botnar gjerne i personlege ynskjer og eigenskapar hos den enkelte sosialarbeidar. Mange ynskjer tettare samarbeid på tvers av instansane. Det verkar til å botne i noko så viktig og avgjerande som økonomi. Dette set ein stoppar, heller enn å vere problemløysande. Vi må tenke heilheitleg og framtidsretta på den enkelte ungdom. Å arbeide tett og godt i oppfølgingsfasa av ettervernet vil vere førebyggande.

8.0 Kjeldeliste

Arbeids- og velferdsdirektoratet. (2016). *NAVs omverdensanalyse 2016*. (2016:3). Henta frå <https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Kunnskap/Analyser+fra+NAV/NAV+rapportserie/NAV+rapporter/omverdensanalyse-2016>

Bakketeig, E. & Backe-Hansen, E. (2008). *Forskningskunnskap om ettervern* (NOVA rapport 17/2008). Henta frå <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2008/Forskningskunnskap-om-ettervern>

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. (2011). *Rundskriv om tiltak etter barnevernloven for ungdom over 18 år*. (Q-13/2011). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-om-tiltak-etter-barneloven-for/id651092/>

Barne- og likestillingsdepartementet (2017). *Tiltak i barnevernet for ungdom over 18 år*. Regjeringa.no. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnevern/tiltak-i-barnevernet-for-ungdom-over-18-/id670234/>

Barne- ungdoms- og familiedepartementet (ukjent årstal). *Barnevernet – Til beste for barnet* (Brosjyre). Tønsberg. Barne- ungdoms- og familiedirektoratet.

Breimo, J. P., Sandvin, J. T. & Thommesen, H. (2015). *Trøblete overganger i et aldersdelt hjelpeapparat*. Norges Barnevern, 92(1), 28-43.

Clausen, S. & Kristofersen, L. (2008). *Barnevernsklienter i Norge 1990-2005* (NOVA rapport 3/2008). Henta frå www.hioa.no/content/download/47063/682829/file/3236_1.pdf

Dalland, O. (2015). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo. Gyldendal Norsk Forlag AS.

Djupvik, A. R., & Eikås, M. (2016). *Organisert velferd*. Oslo. Det Norske Samlaget.

Höjer, I & Sjöblom, Y. (2010). *Young people leaving care in Sweden*, 15(1). Henta frå: <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1111/j.1365-2206.2009.00661.x/abstract>

Jakobsen, T. B., Hammen, I., & Steen L. (2010). *Efterværn – støtte til tidligere anbragte unge*. København. SFI – Det Nationale Forskningscenter for Velfærd

Johannesen, A., Tufte, Per A., & Christoffersen, L. 2010. *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo. Abstrakt Forlag AS.

Kvale, S., & Brinkmann S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo. Gyldendal Akademisk.

Repstad, P. (2007). *Mellom nærbet og distanse*. Oslo. Universitetsforlaget AS.

Røkenes, O.H., & Hanssen, P.H. (2013). *Bære eller briste*. Bergen. Fagbokforlaget.

Storø, J. (2001). *På begge sider av atten – om ungdom, barnevern og ettervern*. Oslo: Universitetsforlaget.

Storø, J. (2003). *Klar, ferdig... flytt*. Oslo. Gyldendal Akademisk.

Storø, J. (2012). *Ettervern og overgang for ungdom i barnevernet*. Oslo. Universitetsforlaget.

9.0 Vedlegg

Vedlegg 1: Informert samtykke til intervju

Vedlegg 2: Intervjuguide

Samtykkeskjema for intervju til bacheloroppgåve

Mitt namn er Ragna Finden Skaim, og eg skal skrive ei bacheloroppgåve om ettervern og oppfølging for ungdom med tiltak frå barnevernet. Dette gjeld ungdom som enten er plassert på institusjon eller i fosterheim. Oppgåva vil i hovudsak fokusere på institusjonsplasserte.

Grunnen til at eg vil intervju nettopp deg, er fordi du har erfaring frå både barnevernsteneste og institusjonsarbeid. To viktige arena der ettervernsarbeid er aktuelt. Formålet er å få innblikk i di personlege oppleveling og erfaring av denne typen arbeid frå dei to ulike instansane. Kva er likt og kva er ulikt? Har noko fungert godt? Har noko fungert mindre godt? – etter di mening. Det er ingen fasitsvar på spørsmåla.

Du vil vere anonym i oppgåva. Notat og opptak vil berre bli brukt av meg, og ingen andre får innsyn i det. Det du seier, vil ikkje kunne tilbakeførast til deg.

Dette er basert på frivillig deltaking. Du kan trekke deg når som helst før, under og etter intervjuet. Du kan også trekke tilbake informasjon som er gitt under og etter at intervjuet er gjennomført.

Eg går på Høgskulen på Vestlandet (HVL) og studerar sosialt arbeid. Min rettleiar er Magne Eikås (tel. 57 67 62 62, e-post: magne.eikas@hvl.no). Saman med han har eg drøfta om eg skal ha intervju eller ikkje, og kva spørsmål som kan og bør stillast. Alt er godkjent av han.

Før intervjuet startar, ber eg deg om å samtykke til deltaking ved å underteikne på at du har lest og forstått informasjonen på dette arket, og ynskjer å stille til intervju.

Eg har lest og forstått informasjonen over og gir mitt samtykke til å bli intervjuet

Stad og dato

Namn

Intervjuguide

Før intervjuet

Levere ut samtykkeskjema. Informanten må skrive under på at informasjonen rundt intervju og tema for oppgåva er forstått.

Innleiing

- Presentere meg sjølv og oppgåva mi. Fortelle litt om kvifor eg skriv om nettopp dette
- Forklare korleis eg har valt informantar
- Informere om opptak, korleis opptaket vil bli brukt og sletting av opptak
- Anonymitet, teieplikt og moglegheit til å avbryte kor tid som helst
- Klargjere at eg ikkje er ute etter å bedømme eller vurdere, men å forstå deira erfaringar og kunnskapar – Informanten er ekspert

Hovuddel

Spørsmåla vil utvikle seg i samtalen innanfor hovudtema som eg har sett som rammer. Eg vil starte med det som er faktaorientert. Dette for å opne intervjuet med spørsmål som er enkle å svare på. Dette vil også gjere innleiinga til dei meir inngåande og personlege spørsmåla tryggare.

- Kva utdanning har du?
- Kor lenge har du jobba med dette?

Innleiande spørsmål til tema

- Kva tenkjer du om ettervern og oppfølging slik opplegget er i dag?
- Kva tenkjer du om fristar som nokre barnevernstenester set for oppfølging?

Overgangsspørsmål

- Kva handlar godt ettervern om for deg? – kva er viktig å hugse på?
- Kva tenkjer du kunne vore gjort annerledes eller endra på i ettervernsarbeid?
- Korleis har du opplevd jobben med ettervern som forskjellig og / eller lik som miljøterapeutar versus tilsette på barnevernsteneste?
- Kva tenkjer du om det å bli 18 år i forhold til relasjonar som er opparbeida og blir brotne i overgangar mellom ulike hjelpeinstansar?

Nøkkelspørsmål

- Korleis, tenkjer du, kan vi gjere ettervern meir gunstig i overgangen frå omsorg i barnevernet (systemomsorg) til eit sjølvstendig vaksenliv?
- Kva erfaringar har du gjort deg i arbeid når det gjeld overgang til vaksenliv for denne gruppa ungdommar?
- Kva praksisar og rutinar har du her (og kva hadde du på barnevernstenesta) for å sikre smidig overgang?

Andre spørsmål

- Personlege eigenskapar som er viktige i arbeid med denne typen overgangar?
- Dersom du har vore med på godt ettervernsarbeid : kva var det som gjorde nettopp dette godt? Og korleis rolle spela relasjonsbygging inn?

Avslutning

Vil minne om at vi nærmar oss avslutninga eit par spørsmål før den kjem. Kanskje ta ein liten oppsummering. Eg vil også takke for at dei har stilt opp og gitt meg gode svar og refleksjonar.

- Avsluttande kommentar og spørsmål

(Dalland, 2015, s. 151-183)